


Gunnar Eide
gunnare2003@yahoo.com

Lindås kommune,
 v/ordfører Astrid Århus Byrknes

Kopi Odd Mauseth Vabø,
 Ove M. Eknes
 Karstein Bjørge til orientering.

Modalen/Eknesvåg 11.09.2014



Ad: Tvistemål om «det skeive **huset** på skjæret» - i Eknesvågen. Gnr.238 br.nr 17 Eknes nedre.

Lindås kommune sit truleg med nøkkelen til varig vern av eit viktig kulturminne!

Aktuelt:

Kjøp, sal og rehabilitering av **huset** er pr i dag umogleg grunna tvistemål om eigartilhøvet. Kr 600.000 var løyvd frå Stiftelsen Gjensidige, Sparebanken Vest og Hordaland Fylke, men er no gått attende til gjevaren, grunna manglande igangsetjing av vøle. Det må eventuelt søkjast på nytt om kulturvernmidlar, dersom tvistemålet vert avgjort og eventuell «rett» eigar ynskjer rehabilitering etter kulturvernkrava. **Huset** er ikkje verna, men er sentralt i den samla, verneverdige bygningsmassen i Eknesvågen; som er tidstypisk for D/S Oster sin epoke fram til 1965.

Kva:

Underteikna ber Lindås kommune bringe eigar-tvistemålet inn for jordskifteretten til ei avgjerd som kan akseptast. At Jordskifteretten er rett instans, gjorde Atle Kleiven oss merksam på i Eknesvågen den 31.8.2014. Tanken på Lindås kommune som rett initiativeigar kom frå Vidar Lehmann 7.9. ombord i D/S Oster. Kjøpar/tvistemålspart Ove M.Eknes aksepterte framlegget 8.9. 2014. Same dagen vart Odd Mauseth Vabø (mangeårig skjønsmann) orientert om saka, og stadfesta framlegget som rett framgangsmåte. Påstått tomteeigar Eva (f. Leknes) i Bergen har det hittil ikkje lukkast å få kontakt med.

Bakgrunn:

Tomten vart festa for 100 år i 1884, altså før lov om feste/bygsling av 1892. **Huset** vart henta frå ein husmannsplass i Eselia/Eidsheim og hyste første dampskipsekspedisjonen, posten og butikken i Eknesvågen. Då festekontrakten gjekk ut etter 99 år, forlanga grunneigar huset rive/fjerna.

Huset vart då tilsynelatande fråflytta og reparasjon av taket stoppa opp. **Huset** sto så i mange år til nedfalls. Ungdom braut seg inn, gjorde opp eld e.tc utan av **huseigar** føretok seg noko for å sikre det. **Huset** utgjorde etter kvart så stor brannfare at Lindås kommune forlanga **huset** rive innan 1. juli 2005, subsidiært at **huset** vart rive på eigars rekning.

Underteikna kulturvernentusiast sikra då **huset** slik at rivingskravet vart lagt på is. Underteikna sette også på eit midlertidig platetak som straksvøle for å stoppe vidare forfall ovanifrå.

Torgdagen 2006, dukka dåværande direktør Erik Småland, Museumssenteret i Hordaland opp med ferdig restaurert D/S Oster og engasjerte seg sterkt i vern av **huset**. Han lova prioritert **hus**-hjelp med nyttilsett bygningskonsulent for Nordhordland (arkitekt Arild Sætre) i 2007.

Eit landområde av Eknes Nedre (alt nedom fylkesvegen) vert på denne tida seld av grunneigar Magnus Eknes til Ove Eknes. Inkludert i salget/kjøpet var hustomten på skjæret. Etersom **huset** ikkje vart fjerna på eigar av Eknes Nedre sitt forlangande ved festeopphøyr, eller Lindås kommune sitt rivingskrav innan tidsfristane, var **huset** å sjå på som ny tomte-eigar sin eigedom.

Omfatande kartlegging vart gjort av MUH/Sætre med utstyr (fotogrammetri) lånt frå Stiftelsen Bryggen i Bergen, og søknader om midlar gjort v/MUH i samforståelse med hustomtekjøpar Ove

Eknes. Tinglysinga drog ut, nye opplysningar dukkar opp og heilt uventa vart **huset + tomten** lyst ut for sal på www.finn.no av tidlegare **huseigar**.

Tvistemålet:

Det føreligg ikkje skøyte som støttar huseigars påstand om eigande tomt. Undersøking av alle omstende peikar eintydig på inkurie under tinglysinga ved eit eigarskifte på 1950 – talet. Her vart festa tomt omgjort til «eigade tomt» utan grunneigars viten og vilje. Eit utfyllt skjema manglar kryss for «festa tomt», og ei rekkje indisium støttar den lokale versjonen om at tomten aldri vart seld slik, mellom anna framleis årleg betaling av festeavgift m.v. etter aktuelle eigarskifte på 1950-talet.

Tomtekjøpar Ove Eknes har brukt mykje midlar på advokathjelp, men ynskjer ikkje å gå til rettsak, etter som saka då vil ende i forlikrådet. Dette finn han uakseptabelt i ei sak der det verkar som Eva Leknes ikkje kan ha vore i god tru.

Med bakgrunn i ovanstående ber eg deg, gode Astrid/kulturven i Eknesvågen, om å ta eit initiativ i denne, noko tragiske saka. Tvistemålet hindrar ivaretaking av vår felles kulturarv!

Først ber eg deg ta kontakt med Odd Mauseth Vabø og få nærare orientering om det jord-rettslege i denne saka. Han har sagt seg villig til å være rådgjevar for Lindås kommune her.

Med engasjert og oppriktig ynskje om å sikre ei komplett, original og verneverdig husrekke på Eknesvågen kaifront - slik husa sto pr 1965, då D/S Oster vart seld ut or fjordafarten!

Det hastar!

Med beste helsing
Gunnar Eide

